

## PÅMELDING

Gå inn på vevssida [kyrkja.no/fusa](http://kyrkja.no/fusa). Trykk på **Konfirmasjon** (øvt på sida), og deretter på **Påmelding** (nede på sida). Fyll inn informasjon i felta, og **send bilete av konfirmanten** til oss på epost [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no)!

**Det vert eit informasjonsmøte om konfirmanttida for føresette på Eikelandssosen bedehus i forkant av oppstarten.** Tid for dette møtet kjem seinare. De vil òg få utdelt ein detaljert plan for hausten under dette møtet; vårplanen kjem i posten mot slutten av hausten/i starten av januar.

**Merk:** Dersom konfirmanten treng særleg tilsyn, har allergiar, eller andre liknande ting, er det viktig at me får vita om det. Før det opp på registreringskjemaet, eller kontakt ein av oss direkte. Alle er velkomne til konfirmasjon – og me vil gjera vårt beste for å tilpassa opplegget etter særlege behov.

## DEN STORE DAGEN

I 2021 har me desse konfirmasjonsgudstenestene i Fusa sokn:

- Laurdag 1. mai: **Strandvik** (11:00)
- Sundag 2. mai: **Hålandsdalen** (11:00)
- Laurdag 8. mai: **Fusa** (11:00 og 13:00)
- Sundag 9. mai: **Sundvor** (11:00)

## KONTAKT OSS

Er det noko du lurar på? Ta gjerne kontakt med Fusa kyrkjekontor på telefon **56 58 01 81** eller epost [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no). Stikk gjerne òg innom på 2. høgda på Fjord'n senter, eller finn oss på Facebook (Fusa sokn)!



Sokneprest  
**Einar Ekerhovd**


913 82 964  
[ee374@kyrkja.no](mailto:ee374@kyrkja.no)



Trusopplæringsleiar  
**Stefan André Svendsen**

984 21 117  
[ss759@kyrkja.no](mailto:ss759@kyrkja.no)

# KONFIRMASJON 2021



STØRST AV ALT

- i Fusa sokn

## VELKOMEN SOM KONFIRMANT!

No som du snart skal starta i 9. klasse, vil me gjerne ynskja deg velkomen til konfirmasjon i Fusa kyrkjelyd. Me vil invitara deg om du trur på Gud, om du tvilar, eller om du berre er nysgjerrig. Alle er velkomne!

Konfirmantopplegget er tredelt. **Alle delane er obligatoriske.** Heile konfirmantopplegget kostar **800,-**.

### DEL 1: UNDERVISING OG BASIS

Alle konfirmantar skal delta på **undervisingsksamlingar** kvar månad: Ein onsdag felles på Eikelandssosen bedehus, rett etter skulen, og ein tysdag eller onsdag kveld i konfirmasjonskyrkja di. Du skal òg delta på desse opplegga:

- ⇒ **Innsamlingsaksjonar** – kalenderaksjonen på hausten, og fasteaksjonen på våren.
- ⇒ **Konfirmantfest** – Ein avsluttingsfest for året saman med foreldre, heilt i tampen på april.

### DEL 2: GUDSTENESTER

Gudstenester er ein viktig del av opplegget vårt, og me legg opp til at du skal vera med på **minimum fire** sjølvvalde gudstenester, samt desse særleg oppsette gudstenesteopplegga:

- ⇒ **Presentasjonsgudsteneste** – Presentasjonsgudstenesta skjer i kyrkja der du skal konfirmerast, og vert spreidd utover helgene rundt konfirmasjonsleiren. Om du ikkje kan møte opp på gudstenesta der du er sett opp til å vera med, kan du koma på ein av dei andre – men **ta kontakt for å melda ifrå!**
  - **20.09.:** Fusa kyrkje 11:00 / Sævareid kapell 16:30 (for Sundvor)
  - **27.09.:** Hålandsdalen kyrkje 11:00 / Strandvik kyrkje 16:30
- ⇒ **Gudstenesteplanlegging** – Gjennom konfirmantåret skal du vera med og ha teneste på to gudstenester: Ei ungdomsgudsteneste (Eikelandssosen bedehus, 19:00) og ei gudsteneste i kyrkja som er nærast deg (11:00 eller 16:30). Me møtest 30 minutt før gudstenestene tek til og ordnar til, fordeler oppgåver, og so vidare. **Datoane for dette kjem seinare** – me kjem til å planleggja datoar i samråd me de som er konfirmantar og føresette.

### DEL 3: LEIRAR OG AKTIVITET

I løpet av konfirmasjonsåret har me **ein konfirmasjonsleir og ei prosjektveke.** Den eine er rett etter skulestart – den andre kjem mot slutten av konfirmantåret. **Konfirmantundervisning skjer under begge.**

### RAKNESTUNET, OSTERØY – 11.-13. SEPTEMBER 2020

Raknestunet er vår faste haustleirplass, og har friluftsområde med badeplass og fotballbane. Dette blir vår måte å ynskja dykk velkomne til konfirmantåret på! Leiren vert avslutta med gudsteneste på Eikelandssosen bedehus (klokka 15:00, søndag 13.), der føresette og familie er særleg inviterte.

### GODHEITSVEKA, HEILE FUSA – DATOAR KJEM SEINARE

Dette vert ei veke der me skal visa godheit til våre medmenneske. Saman med friviljuge frå kyrkjelyden skal konfirmantane setja sitt preg på heile Fusa med å gjere gode gjerningar. Små ting gjort i kjærleik kan forandre mykje. Opplegget går over tre til fire samanhengande dagar i april, og avsluttast med ei gudsteneste.

### ! OM KORONAVIRUSET OG SMITTEVERN !

I desse tidene me er i no er det viktig å passa på at me ikkje står i fare for å spreia smitte, og me ynskjer at alle skal kjenna seg trygge på at dette ikkje skjer. Difor kan det vera at delar av opplegget – til dømes konfirmantleiren, somme gudstenester, eller andre opplegg – vert avlyste eller utsette. Dette lyt me vurdera etter kvart, og me skal ha ein open dialog med dykk i tida framover. Me vonar òg at alle konfirmantar og føresette er med på tiltak for å redusera risikoen for smittespreiing. Me kjem òg heile tida til å følgja råd frå helsemyndighetene.

### LYST PÅ LITT MEIR?

I tillegg til det som ligg til konfirmantåret, har me eit frivillig ekstratilbod. **UngdomsAlfa** er eit undervisingsopplegg som skjer i tillegg til den felles konfirmantundervisninga, der me samlast annankvar veke for å læra meir om Jesus og Bibelen, og snakka saman i samtalegrupper. Her er det òg med eldre ungdomar, og me ynskjer å skapa eit fint og trygt sosialt miljø rundt gruppa. Om du er interessert i å vita meir om AfterKonf, eller melda deg på, ta kontakt med oss (sjå neste side)!